



Møteprotokoll

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Saunesmarka Ulsteinvik - SSR
Dato: 27.04.2022
Tid: kl 13.00 - 15.45

Fremmøtte

Asbjørn Gausdal
Knut Kleiven
Ivar Kåre Mork
Gerd Bang Brevik

Representerer

Ap
LOG

Funksjon

nestleiar
medlem
leiar
medlem

Forfall

Berit Lyngstad

Representerer

V

Varamedlem

Nils Einar Garnes

Representerer

Frp

Andre som møtte

Vest kontroll

Jostein Støylen, Dagleg leiar. Ikkje under synfaringa på anlegget.

Astrid Landsverk Sande, Konsulent. Ikkje under synfaringa på anlegget.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS

Halldis Moltu, Oppdragsansvarleg revisor. Ikkje under synfaringa på anlegget.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/896
PS 02/22	Godkjenning av protokoll	22/896
PS 03/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/896
PS 04/22	Referatsaker	22/896
RS 01/22	KMD - Svar på spørsmål om status for lovtolkning etter gammel kommunelov	22/895
RS 02/22	Melding om vedtak etter suppleringsval til kontrollutvalet	22/894
PS 05/22	Vedtaksoppfølging	22/890
PS 06/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/896
PS 07/22	Orienteringar	22/896
OS 01/22	Orientering frå dagleg leiar i Søre Sunnmøre Reinhaltsverk IKS	22/891

Ulsteinvik, 03.05.2022

Ivar Kåre Mork

PS01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS02/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

PS03/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS04/22 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
RS01/22	KMD - Svar på spørsmål om status for lovtolkning etter gammel kommunelov
RS02/22	Melding om vedtak etter suppleringsval til kontrollutvalet

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS05/22 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS06/22 Saker til eventuell seinare behandling

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at loggane for kven som har hatt tilgang til og sett på B-saker for åra 2021 og hittil i 2022 vert lagt fram for kontrollutvalet ved å sendast til kontrollutvalssekretariatet.
2. Kontrollutvalet ber advokat Kvammen om råd for behandling av saka.
3. Kontrollutvalet ber kontrollutvalsleiaren informere advokat Reidar Andresen om lekkasjane i ACOS vedkomande kommunestyresak 30/22 og omfanget av dei i varslings-saka.
4. Kontrollutvalet kallar inn kommunedirektør over ferien for å orientere om oppfølging i henhold kommunestyresak 30/22.
5. Kontrollutvalet vil vurdere vidare tiltak for sitt arbeid i saka etter kommunedirektøren si orientering.

Behandling:

Leiaren opplyste at B-sak (saker unntatt offentleg innsyn) kan ha vore tilgjengeleg for andre enn dei som skulle hatt noko å gjere med saka. Dette gjeld kommunestyresak 30/22 - Granskingsrapport. Kontrollutvalet stiller spørsmål om dette kan være tilfellet også for andre saker. For å bli orientert i saka tok leiar opp om møtet burde lukkast. Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet j.f. kommunelova §11-5 3.(a). Møtet vart så lukka.

Etter drøftingane vart møtet opna igjen.

Kontrollutvalet drøfta korleis dei skal følgje opp kommunestyret sitt vedtak i sak 30/22 punkt 6: "Kommunestyret ber kontrollutvalet følgje opp arbeidet som no er pålagt".

I det lukka saksdokumentet kjem arbeidet kommunestyret pålegg kontrollutvalet fram.

PS07/22 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
OS01/22	Orientering frå dagleg leiar i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Behandling:

OS 01/22 - Orientering frå dagleg leiar i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Arnstein Myklebust, dagleg leiar i SSR orienterte og svarte på spørsmål. Etterpå viste han kontrollutvalet rundt på anlegget.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.